Vestmannen.

Nr. 7. Bergen 20. september 1989 5. årgang

Diktaren Sjur Bygd - eit 100 års minne

Av Ludv Jerdal

Eit merkeleg treff er det at tri av våre norske diktarar var jamgamle, fødde i april 1889. I dette året er det dermed 100-årsminne: For Arnulf Øverland, fødd i Bergen, for Ragnvald Vaage, fødd i Kvinnherad, og for Sjur Bygd, fødd på Vossestrand. Dei var ulike på mange måtar, desse tri. Men dei hadde det sams at dei alle skapte varande verk, dei høyrer ikkje til dei som vert gløymde um hundrad år.

Sjur Bygd frå Vossestrand var ein sermerkt profil i det norske forfattarlandskapet. Alt frå han debuterte i 1915, med novellesamlingi «Fjellfolk», vart han rekna for ein av dei sermerkte og gåverike. Han vekte stor åtgaum då han steig fram på parnasset. Og bøkene som kom seinare stadfeste berre det gode fyrsteinntrykket. Her var ein fin stilist og målkunstnar, ingen ting var på slump. Og her var ein psykolog som lodda djupt i mannahugen, og som kjende det bygdemiljøet han skildra. Dei var nok bygdefolk, personane hans, men dei hadde samstundes ei spennvidd som gjorde deim ålmennmenneskelege.

Sjur Bygd gav seg god tid med bøkene, og i kvantitet ruvar ikkje forfattarskapen hans. Dertil var han ein sers smålåten mann, høyrde til deim som aldri stikk seg fram. Talet på bøker var 8. Ingen stor produksjon, vil vel dei segja som tel ein forfattarskap i talet på titlar. Men det som måtte vanta i **volum**, det tok Sjur Bygd att i **kvalitet.**

Etter debuten med novellesamlingi i 1915 kom han i 1917 att med romanen «Holmgang», i 1921 kom «Valplassen», i 1925 novellesamlingi «Luftspeglingar». So venta han lenge, fyrst i 1949 kom næste boki hans, romanen «I hamskifte». I 1954 kom «Draumen», i 1957 «Mot blå berg», og i 1970 ei ny novellesamling: «Mannen og natta». Sume av bøkene kom i nye utgåvor. Han kom på Olaf Norlis Forlag i

Sjur Bygd

Oslo, det forlaget som hadde Olav Duun og andre storkultar.

No høyrer det med i biletet av denne Vossadiktaren at han var ein mangslungen herre. I sitt lange liv stelte han med mykje anna enn det å skriva romanar og novellor. Han var bonde på ættargarden Bygs på Vossestrand, og han sat i lang tid i heradsstyre og formannskap. Det var i den tidi då Vossestrand var eige herad, og i 9 år var han ordførar. I den tidi førde han møteboki sjølv, og sette form på vedtaki. Folk som var med i dei åri hev fortalt meg at det oftaste gjekk etter den vanlege uppskrifti i heradsstyri kringum i landet. Dei dryfta sakene utan å vera altfor høgtidelege, dei bad kanhenda ikkje um ordet, dei sa ikkje «herr ordførar,» dei tala seg imillom um det dei meinte. Ordførar Sjur Bygd sa gjerne lite. Men når han hadde høyrt på ei stund, tok han til måls og sa at «det er vel soleis de vil hava det»: Dermed las han eit framlegg til vedtak. Det var skrive av ein stilist og målmeister, og vart oftast vedteke. Dei av oss som er mindre glade i sokalla «heradsstyremål» eller «offentleg målbruk» (og me er mange), kan lesa møtebøkene frå Vossetrand heradsstyre i den tidi. For der hev stilisten og måldyrkaren valt dei rette formuleringane.

Og attåt at han var bygdepolitikar og møtte i Hordaland fylkesting var Sjur Bygd i ein mannsalder kasserar i Vossestrand Sparebank. Ein noko merkeleg kombinasjon, det kan gjerne segjast. Ei sameining av bonde og diktar er ikkje noko uvanleg. Noreg hev mange av dei. På Island er det sameleis. Men diktar og bonde, og so attåt bankkasserar og ordførar, det er nokso uvanleg.

Mange som er glade i denne stilisten og realisten i norsk litteratur hev spurt seg sjølv: Grov diktaren Sjur Bygd no-

Til side 2

Um Vestmannen

I eit brev til Vestmannen les me millom anna:

Vil få takka so mykje for Vestmannen. Det er beint fram frygdefullt at nokon tek upp kampen for klassisk nynorsk. Det er so armodslegt å høyra på alt dette slappe og slurvute språket t.d. i radioen, ikkje minst på nynorsksida.

Med hjarteleg helsing
Arnljot Kyllingstad

Småplukk

Dobbel nekting kan nokon kvar koma til å seia eller skriva i farten. I skulestilar kan ein finna: «Dei kan ikkje verken lesa eller skriva». Best er det å setja: Dei kan korkje lesa eller skriva. Men stundom kan **ikkje anten** svara til korkje.

Dette fann eg etter folk som plar vera støde i målbruken: «Det var ingenting i vegen for at ikkje eg kunne gjera det framlegget» - Det er best å stryka ikkje her.

«Det er vel ingen tvil om anna enn at seteltilfanget var for ringt då dei tok til å redigera». - Her må anna enn gå ut.

Litt om presens partisipp

Det kan vera greidt å skilja millom aktiv og passiv presens partisipp: Han kom køyrande (aktiv). Bilen er køyrande (passiv).

Verb som til vanleg ikkje tek objekt, får gjerne aktiv meining i pres.part.: Han kom gåande. Dei vart stijande ved bordet. Ho vart liggjande i fire veker. Han vart rasande. (Merk at hjelpeverbi **vera** eller **verta** er ofte med.)

Verb som tek objekt, får oftast passiv meining i pres.part.: Maten var lite etande. Det er so stygt, det er 'kje hermande. Boki er godt lesande. (Men skrifti er ikkje leseleg, - eller: uleseleg.)

Presens partisipp vert ofte brukt adjektivisk framføre substantiv: Giftande gjenta. Ho gjekk på fallande føter. Han budde der til sin døyande dag. Me møtest komande sundag!

Stundom har formi i presens partisipp drege med seg adverb, som ikkje har verb i førestavingi, soleis at **-ende** vert til **-ande.** Helst bør ein skriva: Ho var **livende** redd. Det var **bikende** myrkt. Han låg **dørgende** still. Golvet var **gullende** reint. Hunden var **dyende** våt, - eller **dyvåt.**

Eg tenkjer du har høyrt desse formene, serleg hjå tilårskomne.

Sigurd Sandvik

Diktaren Sjur Bygd - eit 100 års minne

Frå side 1

ko av sitt rike pund ned i jordi? Kva kunde han ha nådd upp til, dersom han hadde dyrka diktekunsti meir systematisk? Ingen kan gjeva svaret på den spurnaden. Men velkjent er det at storkulten Henrik Ibsen til tider i grunnen hadde meir hug til å måla enn til å skriva, og at fru Suzannah var myndig og klok nok til å segja: «Skriv!» Takk skal fru Suzannah Ibsen ha for det myndige ordet «Skriv!»

Her skal ikkje gjerast nokor samanlikning millom giganten Henrik Ibsen og den smålåtne målkunstnaren frå Vossestrand. Men lat oss ikkje gløyma at ein stor gard, ein kasserarpost og ein ordførarplass krev si tid. Det høyrer med i biletet at Sjur Bygd var 26 år då han debuterte i 1915, og at han var 81 år i 1970 då den siste boki hans kom. Det er altso eit uvanleg langt diktarliv som i år vert drege fram i minnet. Sjur Bygd dreiv garden på Vossestrand til han var ein aldrande mann. Han vart i sine eldre år utnemnd til heiderslagsmann i Vestlandske Mållag. Sine siste år hadde han på Voss Aldersheim, og han nådde den høge alderen 97 år.

Litterært vart han høgt verdsett. Millom kritikarane var det mest berre vellæte, og av kritiske merknader var det lite og inkje. Litteraturforskaren Knut Johansen hev kalla Sjur Bygd for ein av dei fremste realistane i norsk litteratur.

Og då den kjende danske diktaren, kritikaren og Noregsvenen Jørgen Bukdahl i 1926 kom med sitt standardverk «Det skjulte Norge», var dei 4 fyrste av Bygds bøker komne. Den 30 år gamle danske kritikaren gav alt då ei litterær vurdering som må undra alle som les honom no, so lenge etterpå. Bukdahl vurderar «Fjellfolk», «Holmgang», «Valplassen» og «Luftspeglingar». Og det er forvitnelegt, so lenge etter 1926, å merka seg kor visshøv ein litteraturkritikar den unge Jørgen Bukdahl var, alt då. Difor tek eg med innleidingi av den vurderingi han gjev Sjur Bygd i «Det skjulte Norge»:

«Allerede i sit første Arbejde «Fjellfolk» er **Sjur Bygd** klar som Fortæller, der er en mærkelig dristig Sikkerhed i dette Arbejde, trods Paavirkningen fra Kinck, hans Impressionisme baade i Stil og Psykologi, dette at arbejde springvis, ligesom med Blinklys, et Par Streger, saa er Skikkelsen der, stundom er Stregerne saa faa, at Billedet ligger paa Randen af Karrikaturen og Fortællingen nærmer sig Humoresken.

Sjur Bygd har ogsaa en Forkærlighed for at bore sig ind i Skikkelsen paa et ganske bestemt Sted, en Særegenhed, han har opdaget og saa bliver han ved at kredse om den. Stundom skærer han Replikken midt over, mens det underforstaaende snor sig som Hugorme under Sætningen, slaar pludselig op og hugger i. - Meget har han lært af Kincks særlige Fortællemaade her, men det har givet hans Stil Liv og Knaphed og da han har et nyt og oplevet Stof, arbejder han sig frem mod den personlige Form, selv om det tog de to første Bøger. Maaske er han ogsaa paavirket af Kinck udover det tekniske, dette at drage Reversen i Psykologi frem hos Bygden. Han har selvfølgelig den Fordel, at han kan komme dybere ind under sit Stof, trævle Skikkelserne helt op og tegne Vestlandslynet i alle dets underjordiske og krogede Forgreninger. Men det kommer derved alligevel til at mangle noget i det **hele** Billede, Fordelingen af Lys og Skygge bliver ikke altid retfærdig. Nuvel, den negative Side hos Vestlændingen er unægtelig et festlig og udbytterigt Stof, navnlig for en decideret Psykolog som Bygd.

Der er Spillet mellem Forstillelse og Virkelighed - i religiøs Form: Hykleriet - der er alle Bagevjetankerne, der gaar den modsatie Vej af Talens Strøm, alt dette der kan avle den uligefremme Ondskab, der dog kan holdes varm i en Menneskealder, næret af de langtrækkende krogede Planer, nu og da slaa op i en Replik eller Handling, der forraader, at Ilden lever . . . alt dette der for de ligefremme Østlændinger har generaliseret såg i Karakteristikken: Vestlandsfanden, selv om her Misforstaaelser ofte er paa Færde. Men en Vestlænding, der hævner sig, og Maaden han gør det paa kan stundom være et helt Vidunder af Sindrighed, en psykologisk Labyrint. Ofte er derfor Vestlændingen blevet Farcestof, Kincks bedste Humoresker er fra Vestlandet . . . et Drama for sig selv er ofte saadan en Vestlænding anskuet udi det negative. Og han er naturligvis sand, men ofte er Undtagelsen pillet ud af det almene Tværsnit.»

Dette skreiv Jørgen Bukdahl i 1926. Og han slutta umtalen av Bygds bøker med sterke lovord: «Hans Forfatterskab er altsaa endnu i sin Begyndelse, men allerede røbende usædvanlige Evner og en usædvanlig Sans for Psykologi. I hvad han har gjort, staar han som en af de mest lovende Evner i norsk Litteratur».

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpenger kr. 100,- for året.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland,

5065 Blomsterdalen.

Postgiro: 4 25 63 92,
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05) 31 79 29/31 31 16.

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland,
5065 Blomsterdalen,
Telefon (05) 22 67 00

Sats/trykk:
Sigurd Olsen Boktrykkeri, Bergen

Nynorsk bokhandel i Oslo

Sidan 1. januar i år har det ikkje vore nokon nynorsk bokhandel i Oslo, og det er fyrste gong sidan 1927. Oslo Mållag har difor gjort opptak til å skipa ein nynorsk bok- og papirhandel i hovudstaden. Bokhandelen skal drivast som eit lutlag der mållag og einskildmenn kan skriva seg for ein eller fleire luter. Kvar lut er på kr. 1000,- - **eit tusen kroner.** Til no er det tinga luter for omlag 55.000 kroner. Mellom dei som førebels har tinga luter, er:

- **Noregs Mållag med 5 luter.**
- **Norsk Målungdom med 3 luter.**
- **Norsk Måldyrkingslag med 5 luter.**
- **Oslo Mållag med 5 luter.**
- **Fonna Forlag med 2 luter.**

I tillegg til lutene har **Oslo Nye Sparebanks Fond** løyvt **25.000 kroner** til reising av ein nynorsk bokhandel i Oslo.

Me er soleis godt i gang med å få til ein nynorsk bokhandel i hovudstaden. No står att å reisa den medel som trengst for å koma igang.

Ein nynorsk bokhandel er eit viktig målreisingsarbeid og skal vera vårt andlet i Oslo. Bokhandelen skal ha til føremål å fremja sal av nynorsk bokheim særskilt, og norsk kultur reint ålment, so som:

- **Sal av nynorsk litteratur.**
- **Sal av nynorske barnebøker.**
- **Sal av musikkassettar - norsk folkemusikk o.a.**
- **Antikvariatsbøker** (mykje gamalt og godt frå dei nynorske bokreidingslaga).
- **Sal av kontortilfang** (viktig innkomekjelde).
- **Gjera norskdomsrørsla kjend** (t.d. sanking av tingarar til nynorske blad).

Me vil at bokhandelen skal vera eit knutepunkt og ein **samlingsstad** for rørsla vår. Me vonar at tiltaket kan vera med og styrkja **samarbeidet** og samhald målfolk i mellom - stutt sagt vera ein reidskap i arbeidet for målreising og norskdom.

Det norske Samlaget har gjeve oss løyve til å nytta namnet **Noregs Boklag.** Bokhandelen skal òg selja bøker til andre landsluter, og me meiner difor namnet **Noregs Boklag** høver sers godt. Namnet ber i seg ein tradisjon det er viktig å føra vidare.

Å reisa ein nynorsk bokhandel i Oslo er eit stort økonomisk lyft, men heilt naudsynt for å stå mot det einsiduge biletet av bokmål i hovudstaden. Me er godt i gang med ordskiftet kring drifta av bokhandelen. Det viktigaste no er å samla skipingsmedel.

Me vonar at målrørsla (og heile norskdomsrørsla) er samd med oss i at ein nynorsk bokhandel er naudsynt for målreisinga i Oslo (og heile landet). Me vonar òg at mange mållag og einskildmenn støder opp om arbeidet, og bind seg til ein eller fleire luter. Me er òg takksame for pengegåver til førebuingsarbeidet, so som til oppussing og innkjøp av hyller og anna tilfang.

Tinging av luter sender de til Oslo Mållag, og alle som tingar luter får melding om når pengane skal svarast.

Pengegåver set de inn på postgirokonto 5 15 77 14.

Tinging på luter lyt sendast innan **30. september 1989.**

No står det berre att å seia tvi-tvi. Målrørsla sjølv avgjer om ein nynorsk bokhandel skal sjå dagsens ljos i hovudstaden.

På førehand takk!
Vensam helsing for Oslo Mållag
Marit Fjordheim
Formann

Minnehøgtider for Gustav Indrebø

Vestmannalaget med allsidig møteprogram

Stjorni i Vestmannalaget hev sett upp dette programmet for vinterhalvåret:

Torsdag **28. september** kl. 19.00 på Bryggens Museum: Politimeister Oskar Hordnes talar um Bergen Politikammer - ei historisk attersyn.

Torsdag **19. oktober** kl. 19.00 er møtet lagd til Bergen Billedgalleri/Stenersens Samling (inngang frå Rasmus Meyers Allé 3, nær Festplassen). Me ser på kunstverk i Stenersens Samling, og dr.philos. Arild Haaland og lagdomar Wilhelm Haaland fortel um korleis denne sjeldsynte kunstsamlingi kom til Bergen.

Torsdag **16. november** kl. 19.00 på Bryggens Museum. Minnemøte for professor dr. Gustav Indrebø (100 år sidan han vart fødd), og 50-årshøgtid for Norsk Bokreidingslag. Nynorske bøker i Bergen i år (fra Norsk Bokreidingslag og J. W. Eides Forlag) vert framlagde. Lektor Jon Askeland, fylkeskonservator Nils Georg Brekke og redaktør Kjartan Rødland fortel um bøkene, m.a. um ei «kulturhistorisk vegbok» som Brekke skriv.

Torsdag **14. desember** kl. 19.00 i Fokus Bank (merk staden). Jolemøte: Professor dr. Ole Didrik Lærum talar um Magnus Dagestad og bygdekunstnarar på Vestlandet.

Torsdag **18. januar 1990** kl. 19.00 på Bryggens Museum. Eit program ved redaktør Kjartan Rødland og universitetsdirektør Magne Lerheim. Ei attersyn um 60-åringen Lerheim.

Bladet «Tuftekallen» plar koma på kvart møte og er til mykjen hugnad. Gjer møti kjende for andre du kjenner. Møti vert elles utlyste i Vestmannen, og i Bergens Tidende laurdagen fyre kvart møte.

Bladet Vestmannen fær mykje vellæte. Det er eit aktuelt måldyrkingsblad som alle bør lesa. Det kostar 100 kr. året og kan tingast hjå «Vestmannen», 5065 Blomsterdalen. Bankgiro: 8401.21.43027. Postgiro: 4 25 63 92.

Bygdelagsnemndi: Me minner um at Bygdelagsnemndi i Bergen, som Vestmannalaget er med i, hev 50-årsfest i Bankettsalen på Hotel Norge **laurdag 4. november.** Påmelding fyreåt.

Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet held sams **årsmøte** i **Gimle,** Bergen laurdag **18. november kl. 11.00.** Minneprogram um professor dr. Gustav Indrebø, og elles vanlege årsmøtesaker for båe samskipnadene.

Bergen 16. september 1989
Med helsing
Stjorni i Vestmannalaget

Heider til Aslaug Høydal

Forfattaren Aslaug Høydal og teiknaren Egil Torin Næsheim fekk Jørgen Vikør-prisen 1988 for boki «Fint fylgje, bånedikt og småsoger». Boki kom på Ansgar og er skrivi på det telemarksmerkte Aasen-målet som Aslaug Høydal er kjend for.

Ny bok frå Marta Schumann

Sunnmørsforfattaren Marta Schumann, busett i Molde, kjem med den åttande boki si i år. Det er ein spaningsroman med ålvorsame og dagnære undertonar. Boki heiter «Utbrot». Ein regnflaum fører til eit sandras som råkar ei heil bygd. Sju menneske søkjer livd i kommunehuset, der dei vert drivne til ettertanke um grunnleggjande livsspursmål. Boki kjem på Gyldendal.

Grimstad med barnebok

Sunnmøringen Leiv Arne Grimstad hev skrive ei ny barnebok som heiter «Gullhestane» og kjem på Gyldendal. Boki hev ein viss samanheng med tråvsport, men hovudemnet til forfattaren er eit mishandla barn. Fyrste barneboki til Leiv Arne Grimstad heitte «Kirsebær-lunet». Det var ei sermerkt og var bok som kom ut i 1986.

I granskogen

kvåda og reinleik
fritt å anda

lettande å trø den
mjuke brune
nålebreidsla
granene legg ut
under stilla

såre tankar svanar
fyre ein forklåra
gauksyreblom

kven vil tru
han kann fjetra deg
so du ormektar
i grønskygge ljoset

gjev akt på
draumane dine

den dagen dei er
never og konvall
hev du vore der
for lenge

Gunnar Gilberg

Sorbisk

Dei vestslaviske hovudmåli er polsk, tjekkisk og slovakisk - dei tvo sistnemnde er nærskylde. Ein sers liten kvist på den vestslaviske greini er **sorbisk**, med talemålsgrunnlag i Lausitz i Saksen ved elvi Spree i dagsens Aust-Tyskland. I Norsk Målsoga les me at sorbisk var tala av ikring 10.000, eit tal som kanskje er innhenta tett fyre krigen.

Korleis hev målet halde seg?

Sorbarane hadde sin eigen nasjonale samskipnad **Domowina** (Heimstad) som nazistane sette forbod mot. Samskipnaden vart nyskipa straks etter krigen, og etter nordfrisiske kjeldor hev det nasjonale medvitet til sorbarane vore i vokster. I ei utgreiding i 1979 reknar Helmut Lüdtke frå Sveits sorbisk for eit mål truga med utrydjing. I den same utgreiding fører han upp dei sorbisktalande til kring 50.000. Jamfører me talet frå fyre krigen med talet frå 1979, stussar ein litt yver bakgrunnen for statistikkføringi.

I alle høve er det likt til at stoda for sorbisk hev betra seg. Det finst skular med sorbisk til hovudmål, og i lagsliv og kulturliv hev målet vore i framgang. Talsmenn for sorbarane hev teke upp formelt samarbeid med det nordfrisiske målmindretalet i Nordfrisland, og i tidsskriftet **Nordfriesland** vert sorbisk kalla «det andre målet i Aust-Tyskland». Det vert dessutan fortalt at for eit lite målmindretal er heller ikkje Aust-Tyskland noko flokefritt fedreland.

Vassmannen er ein sorbisk segnfigur. Attgjeve frå Nordfriesland etter bokteikning.

Samansetjingar med nemningi mann

Av Hallvard Bergwitz

Grunntydingi av ordet **mann** er **menneske** dvs. både kar og kvinne/gut og gjente. Ivar Aasen: Norsk Ordbog hev denne tydingi: **Mann**(m) = 1) Menneske, person 2) mann, gift mann, ektemann. Gamalnorsk: **madr.**

Tydingi er like gamal som norsk mål, dvs. nemningi hev tusundårs rot i landet. Tydingi er òg den same i alle germanske mål, so som tysk, engelsk, dansk, islendsk, færøysk og gamalnorsk.

Moderne norsk mål hev ei rad samansetnader med ordet **mann,** som me ikkje kan vera utan, dersom me ikkje skal føre inn unorske ord. Eg nemner nokre: Nordmann, fylkesmann, lagmann, lagmannsrett, domsmann, rettsformann, formannskap, rådmann, sjømann, sjømannsmisjon, sjømannsskule, mannskap, manngard, mannsalder, manntal, mannemakt, mannemål, i manns minne, mannaætti (menneskeheten), mannjamning, ålmannamøte, ålmenta, o.s.b.

Og me hev nemningar som trimenning, firmenning o.s.b. som fortel um skyldskap. Vidare heiter det spelemann (ikkje spelekvinne). Landslaget for spelemenn, Spelemannsbladet. Og i dans heiter det 6-mannsrill (3 par), og trimannsdans (springar med 1 gut og tvo gjentor).

Målmann og målmenn er einaste samnamn for kar og kvinne. Talsmann og målsmann er det sameleis med.

På svensk heiter det t.d. riksdagsmann og talsmann (president), og på dansk heiter det Folketingsmann. Her i landet hev me fengje den unorske og tungvinte nemningi Stortings**representant** i staden for det norske Stortingsmann eller berre Tingmann.

Formann/leidar/leder

Det hev stade strid um den som stend i brodden for eit lag eller ein samskipnad skal heite formann eller leidar. Nemningi leidar motsvarar ikkje alltid formann. **Leidar** hev ei vidare tyding enn **formann.** Eit lag eller ein samskipnad eller ei rørsle kan ha mange leidarar, men berre **ein** formann. Det ser me t.d. i idrottsrørsla. Det var mange leidarar med i OL og VM, men berre **ein** formann. I idrottssamskipnadene finn me båe nemningar. Det same gjeld dei «forbund» som er med i LO.

Sume «forbund» hev òg **mann** i namnet sitt, m.a. Norsk Tjenestemannslag, Norsk Fengselstjenestemannsforbund, Norsk Lokomotivmannsforbund og Norsk Arbeidsmannsforbund. I desse samskipnadene er det mange leidarar. Difor kan det ofte føre til mistydingar um dei skifter ut **formann** med **leidar.** Det same gjeld og i Norskdomsrørsla.

For ei tid sidan såg eg eit stykke i Aftenposten av **dagleg leidar i Noregs Mållag.** Her var det ikkje meint formann, men skrivaren. Dagleg leidar i Bondeungdomslaget er skrivaren, og for forretningane, er disponenten dagleg leidar.

Mistydd kvinnesak

Spursmålet formann/leidar er diverre gjort til eit kvinnesaksspursmål, men det er **ei mistydd kvinnesak.** Det skapar ingi røynleg jamstelling millom kar og kvinne. - Det ligg ikkje lite fanatisme i dette. Og det hev brodd mot mannen. Og **det** vert aldri noko god kvinnesak. Ei røynleg jamstelling millom mann og kvinne vil me alle fram til i Norskdomsrørsla. Det hev me synt i gjerning.

Um spursmålet formann/leidar er det skilde meiningar innan kvinnerørsla. **Eva Kolstad som var jamstellingsumbod, held på formann.** Sjølv hev ho vore formann både i Oslo Vinstrelag og Noregs Vinstrelag.

Kynsnøytrale nemningar

Ord som **ikkje** er samansette med **mann,** vert ofte kalla kynsnøytrale. Men er dei det? Skulde dei det vera, laut alle ord vera inkjekyn. Ordet **leidar** er soleis eit hankynsord. Og flest alle yrkjestitlar er hankyn i norsk mål. Det heiter ein lektor, ein lærar (ikkje lenger lærarinne), ein prest, ein klokkar, ein styrar, ein direktør, ein bisp, ein statsminister o.s.b.

Og det underlege er at ordet **man** i 3. person er godteke og vert nytta av alle kvinnor som talar bokmål, so som «man sier så, og man gjør slik og slik». Her tyder i alle høve **man** både **kar** og **kvinne.**

Kvinnone i målrørsla skulde heller slå seg til ro med at ordet **mann** er ei sams nemning for **kar** og **kvinne,** framfor å øydeleggje norsk mål med å stride imot ein tusund års måltradisjon.

Striden um formann/leder er **eit sernorsk påfund** som me ikkje møter i grannelandi. Og dette hev **ikkje** sitt upphav i Norskdomsrørsla, men i politiske lag som hev bokmål til sitt mål. Difor kan me ikkje utan vidare samanlikne desse sakene.

I bokmålet, som er eit blandingsmål med dansk upphav, fullt av unorske ord og nemningar, kan me putte inn godtsom kva som helst av framande ord og ordlag. **Men gjer me det same i nynorsk, øydelegg me det norske målet. Nynorsken er ikkje lenger norsk, men eit nytt blandingsmål på line med bokmålet.** Og dette høver godt med det **fyremålet Landslaget for Språklig Samling arbeider etter.** Og det syner seg at det finst krefter i målrørsla som i røyndi høyrer heime i dette laget. Dei skulde heller vera so ærlege at dei sa seg ut or målrørsla og gjekk inn i det laget der dei retteleg høyrer heime.

Målrørsla hev til fyremål **å arbeide for norsk mål.** Mållagi våre er **ikkje** kvinnesaksforeningar. Dette lyt me minne oss sjølve um når reine kvinnesaker vert fremja i lagi våre.

Vert det motsetnad millom målsak og kvinnesak, soleis at norsk mål vert skadelidande, lyt me setja **målsaki fremst.** Gjer me ikkje det, **arbeider me mot vårt eige fyremål.**

Lat oss halde fast på dei innarbeidde nemningane **formann, styresmann, varamann** og **lagsmann.** Dei er stutte, greide og meiningsvisse, og dei er **norske.**

Hallvard Bergwitz

Gåveliste for Vestmannen

Advokar Eng Eikeland, Minde, kr. 200,-.
Knut Rysstad, Kristiansand, kr. 200,-.

I alt kr. 400,-

Me takkar gjevarane
VESTMANNEN
Helge Liland
5065 Blomsterdalen
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

Noregs Mållag hev det morosamt

Av Ludv. Jerdal

Det er lenge sidan eg var på eit årsmøte i Noregs Mållag. Hadde ikkje tenkt meg dit i år heller. Men eg skynar at dei som var der - i Skien - må ha havt det rykande morosamt.

Eg byggjer dette på reportasjar i sume blad. Det er sanneleg ikkje kvardagskost dei utsende medarbeidarane kan «underhalda» oss med. Her kjem nokre smakebitar:

Ein målmann med eit velkjend skjegg, eit EF-skjegg so å segja, greidde å berga fullskjegget sitt. Han heiter Olaf Almenningen, og han let skjegget gro i 1972, av di han vilde ha **Nei-siger** mot at Noreg gjekk inn i EF. Han vann - som kjent. No var dette Nei-skjegget i fåre. Gula Tidend kan fortelja at Almenningen gjekk med på å lata skjegget falla dersom årsmøtelyden greidde å samla inn 50.000 kr. til Noregs Mållag. Sendemennene gav berre godt og vel 30.000 kr. - og skjegget hans Almenningen var berga.

Men det hende meir. Gula Tidend fortel um «øydeleggjande personstrid i Noregs Mållag». Ole Fjøse frå Fana segjer til bladet at ein arrogant maktelite i mållaget passiviserar store deler av utsendingane. Det meste av tidi går med til å diskutera formelle filleting og røysta på uviktige detaljar.

Og denne Fanamannen var ikkje åleine um å vera forstøkt. Professor Trygve Solhaug, «leiar» i Bondeungdomslaget i Bergen, segjer til Gula Tidend: «Eg vert både frustrert og aggressiv når eg ikkje får meir ut av diskusjonar på Landsmøtet enn at nokon likar kvarandre og andre ikkje. Somme av dei mest aktive sprang så ofte på talarstolen at dei like godt kunne sett seg der». Og professor Solhaug legg til: «Dersom ein ynskjer konstruktiv debatt for å finna fram til løysingar i ei sak, nyttar det ikkje å starta innlegget med å skjella ut fyrre talar».

Sissel Anny Hjelmtveit som er sekretær i administrasjonen i Bergen - Nordhordland Rutelag A/S og soleis skulde ha upplevt stormande møte på heimebane, klagar på dårleg møtestyring. Vanlege utsendingar i salen veit til tider ikkje kva sakene som vert dryfta eigentleg handlar um. Ordstyraren maktar ikkje å trekkja landsmøtet inn att til kjernen i saki og summera upp kva det skal takast standpunkt til, segjer ho, og vil ha ordstyrar frå styret

eller administrasjonen, ein som kjenner sakene betre, ikkje ein som er vald av årsmøtet.

Redaktøren i Gula Tidend skriv på leidarplass at den møtekulturen som hev utvikla seg i målrørsla verkar øydeleggjande på alle andre enn dei mest aktive som stend uppe i dei interne intrigane. Dei ulike fraksjonar er sjukleg mistenksame på kvarandre og nyttar eitkvart høve til å få inn eit stikk: «Dei mest aktive målfolka skyr ingen ting for å få ordet i ein debatt. Når strek er sett og høvet til replikk er brukt opp, kan somme få seg til å be om ordet til saksopplysning eller saksførehavinga for å få sagt nokre nedsetjande ord om eit framlegg eller ein motstandar. Møteplagarane er så mange at det mest er uråd for vanlege utsendingar å få eit ord med i laget», skriv redaktør Thomas Skålnes på leidarplass.

I sanning sterke ord. Målfolk som for årevis sidan gjekk ut or Noregs Mållag i protest mot stemneleid og arbeidsmåte må kjenna seg takksame for at dei er sparde for landsmøte av det slaget som Gula Tidend skildrar. I Ivar Aasen-Sambandet er det saklege dryftingar og vilje til samhald um Ivar Aasens verk.

Um landsmøtet i Noregs Mållag fortel bladi at møtet ikkje greidde å løysa striden millom hovudlaget og ungdomsorganisasjonen (Norsk Målungdom) um Studentmållaget i Bergen. Målungdomen vil framleis ikkje møta i styret i Noregs Mållag og krev ny handsaming av samarbeidsavtala millom dei tvo organisasjonane.

«Snakk dialekt! Skriv nynorsk!» Den appellen hev stade på programmet til Noregs Mållag i mange, mange år. Og appellen stod med store typor på veggen bak den nyvalde «leiaren», Marta Østerås Falch, då Bergens Tidende tala med henne etter valet, og tok biletet. Det gjeng so godt no, sa leiaren. Ho vilde likevel samla kreftene um skulemålet. Fleire nynorskklassar er hovudmålet. Språket i avisor og kringkasting skal ikkje prioriterast.

So kan ein spyrja um det verkeleg er so at dei som styrer i Noregs Mållag og lever på slagordet um å «snakka dialekt og skriva nynorsk», um dei korkje høyrer eller les. Hev dei ikkje merka seg at slagordet deira alt no hev enda upp i eit hjelpelaust blandingsmål, eit mål som kryr av bokmålsord og vendingar, eit mål som er i full uppløysing? Eg høyrer av og til ein publisist som kåserar i NRK. Han freistar seg på å tala eit bygdemål, ein dialekt som eg kjenner godt av di eg er uppvaksen i same bygdi som kåsøren. Men «dialekten» hans er so utvatna og uppblanda at det er berre taletonen som er att. Det er mest som når Per-Øyvind Heradstveit let høyra frå seg, og mange trur at han talar nynorsk, avdi taletonen hans er frå Hardanger. Skulemålet med skiftande rettskrivingar hev gjort det av med nynorsken, både i kringkasting og i avisor, og ikkje minst i offentlege dokument. Men mange trur enno at Heradstveit i Kringkastingi er målmann. Og høyr på setesdølen Kjell Kristian Rike: Han byrja i NRK med ein avslipa blandingsnynorsk etter siste «rettskriving». I dag talar han bokmålet, og ingen som ikkje veit det vil tru at han er uppvaksen i sjølvaste Setesdal.

Skynar ikkje Noregs Mållag at «dialekttrui» endar i bokmålet?

Offisielt ser det ut til at dei som styrer i samskipnaden er sterkttruande, fundamentalistar. Alle dialektar er like gode, segjer dei. Og det ser mest ut til at dei trur på den utsegni. Eg må minnast kva Anders M. Andersen, ein fargerik rogalending, sa på eit ordskiftemøte i Bergen for nokre år sidan:

«He du sterke tru og breie føda, så kan du gå på vatnet!»

Ja, i sanning: Målstrid er morosam. Usturteleg morosam.

Her må Ole Paus ha stoff til ein ny revy.

Maratagl

Sunnmøringane hev gjenom tidene tala um **maratjagl.** Andre stader i landet heiter sistelekken i ordet **tagl,** som på gamalnorsk. Tagl tyder langt, sterkt og noko stivt hår, i dette høvet frå marahalen, eller hestehalen. Men **kutagl** er heller ikkje ukjent, um nedste og lengste håri på kuhalen.

Med grunnlag i gamalnorsk hev fyrstelekken dubbel fleirtalsform - marar eller merrar. Nemningi var **merha, meriha** på gotisk, som er eldste germanske målet med noko større skriftleg ervegods etter seg, serleg brotstykki av Wulfila-bibelen som stundom vert kalla sylvboki av di umsetjingi er skrivi med sylvskrift på purpurfarga pergament. Ordet tagl heitte på gotisk det same som i dag - **tagl.** I sume målføre fær ordet u-ljodbrigde i fleirtal, veit me - **tògl.**

I barndomsdagane fyre krigen laga me gutungar snaror av maratagl. Fugl kom aldri i desse snarone, og dei vaksne var lite viljuge til å hjelpa med finutformingi av reidskapen. Dei lika ikkje snarefangst. Men gamalt folk fortalde at i eldre tid, då snarefangsten høyrde til levebrødet, var maratagl eit godt snareemne. Maratagl var nytteleg til mangt; det kunde brukast, visst, både på fela og felebogen. Røynslone våre var likevel ikkje dei beste. Meir tenleg var maratagl til fintaum nær ongulen. Trongst det, kunde meir enn eit tagl flettast i hop.

Med alle kunstemni no, er det kanskje ikkje serleg spurlag etter maratagl. Dessutan heldt hestane ei tid på å verta utrudde. No aukar hestetalet, og kanskje kjem maratagl meir på munne.

Jarl

Tankar kring ei bok og ein diktar

Ragnvald Vaage: På botnen. Roman. Norsk Bokreidingslag 1989.

Det har vorte arbeidd frå fleire kantar for å få ut bøker av Ragnvald Vaage til hundreårsminnet for diktaren 29. april i 1989. Dei fleste forlaga sytte og bar seg ille. Det Norske Samlaget ordla seg m.a. slik: «I det litteraturpolitiske og økonomiske klimaet - for ikkje å seie uføre - som no rår i bransjen, korkje kan eller vil redaksjonen nytte tid og krefter på ei slik utgiving.» (Dette galdt dikt i utval av Vaage.) Ja, slik kan det altso seiast når ein sit i Oslo og skal varveitsla den nynorske litteraturarven. Når no Olaf Norlis Forlag (som var hovudforlaget til Vaage) og Noregs Boklag ikkje finst lenger, skulle Det Norske Samlaget vera nærast til å ta ansvar. For min del vil eg berre rå den vakne lesar til å fylgja med i Samlaget sin utgjevingspolitikk. Tru om ikkje Ragnvald Vaage ville forsvara sin plass med glans?

Eg har med dette framført eit vers av klagesongen og det er tid for å gå over til noko meir positivt.

I Norsk Bokreidingslag var det straks interesse for å markera Vaage-jubileet, og vald vart romanen «På botnen» frå 1925. Dette er eit lukkeleg val som kan vera med og rydja veg for fleire Vaage-bøker i åra som kjem. Innhaldet i denne boka er fengjande og språket lett og ledug.

Jøren Haga sitt møte med Bergen vert helst ei vandring mellom dei som strevar og strir på botnen av samfunnet. Boka fortel om eit brutalt klassesamfunn. Det er om lag uråd å arbeida seg fram og upp - og vil du nokon veg, så må du fyrst kvitta deg med alt som smakar av heimleg sed og skikk. Boka er soleis eit kvast motstykke til ordtaket om at kvar er sin eigen lukkesmed. I røynda er det nok heller aldri slik.

Fleire Vaage-bøker vart i si tid møtt med ei form for uforstand. Kritikarane, som ofte var idylliserande målfolk, meinte forfattaren rita opp for store kontrastar. Dette galdt både denne boka og den seinare romanen «Mot stupe». Her kan det då høve å sitera frå Lars Amund Vaage sitt etterord: «Oppgåva for ei forteljing er ikkje å balansera. Overdrivinga og sterke kontrastar har sine eigne sjangrar innanfor diktekunsten. Eg tenkjer på eventyret og på barokkens og manierismens uttrykk. Utan overdriving fanst det ingen Cervantes, ingen Shakespeare. Ingen Garcia Márques heller, for den saks skuld.»

Ved sida av Jøren Haga syner forfattaren fram andre lagnader. Krambuguten møter både dei som går til grunne og dei som dreg or landet. Dei som kavar på botnen utan å gje opp seg og sitt, og dei som pyntar seg med lånte fjør. Her er det ikkje nasjonalromantikk, nei. Og konfliktane i boka er aktuelle ogso i dag, og atter hermer eg etterordet: «Det dreier seg altså om eit samfunn som støyter dei beste frå seg. Det dreier seg om eit samfunn som ikkje fortener å ha dei beste som medlemer. Det er bodskapen diktaren kjem med, der han sit og ventar på neste kravbrev frå banken.» Jøren Haga si løysing på problema kalla på ei ny bok, meinte somme i 1925. Nye lesarar vil truleg finna at boka står godt som ho er.

Etterordet «Hjarta innanfor vesten» er altso skrive av Lars Amund Vaage, soneson til Ragnvald Vaage. Det er eit glitrande essay der me kjem tett inn på mennesket og diktaren Ragnvald Vaage - samstundes som det ikkje vert grafsing i det private. Desse åtte sidene sist i boka er det beste og sannaste som er skrive om Ragnvald Vaage.

Ein annan stad - i intervju med «Bergens Tidende» 27. april 1989 - bed Lars Amund Vaage om at ein ikkje må ufarleggjera bestefaren. Dette er ei viktig påminning. Ufarlege diktarar vil det alltid finnast nok av, endå ingen har bruk for dei. Forlaga si evige jakt på det lettseljelege gjev oss mange skribentar som rir skumhestar - slike som ber plasthjarto utanpå vesten.

Men skal Ragnvald Vaage få vera sann og «farleg» i vår tid, må bøkene hans vera tilgjengelege. Eg har streva i femten år utan å få tak i absolutt alle. (Kanskje dei finst samla i samlingane etter Hans Nerhus. Universitetsbiblioteket i Bergen har dei iallfall ikkje.) No vonar eg «På botnen» vil selja so pass

Til side 8

Tankar kring ei bok og ein diktar
Frå side 7
at Bokreidingslaget kan sjå seg syn med å gje ut fleire av både romanane og barnebøkene. Eit diktutval treng me og. Me må akta oss slik at ikkje den litt eldre nynorske litteraturen berre tel nokre få autoriserte namn og bøker, og det etter ein autorisasjon som tykkjest verta gjord i eit noko trongsynt norskdomsmiljø inne i Kristiania. Kanskje dette er dei rette etterkomarane frå dei før nemnde idylliserande smaksdomarane?

«På botnen» er ei sermerkt bok både i innhald og språk. Bokbunaden er ogso med og gjer sitt. Forlaget har her gjort framifrå arbeid. Ikkje minst omslaget som Magne Kjellesvik er meister for, må vekkja åtgaum. Det er rettkomne å ynskja Norsk Bokreidingslag og talrike lesarar til lukke med boka. Og so ventar me i spaning på fleire Vaage-bøker. . . .

Sigbjørn Heie

Heidersgåva av Gjelsvik-fondet

Heidersgåva av Gjelsvik-fondet vert utetla av Norsk Måldyrkingslag (Akademi for det norske målet). Gåva vert gjevi for den nynorske boki som er framifrå i innhald og stil, og attåt er skrivi på det reinaste og beste målet.

Kva litteraturgrein boki høyrer til, hev ingen ting å segja. Diktarverk, vitskaplege arbeid, vanlege upplysningsbøker, umsetjingar, ordbøker o.s.b. kjem på like line i tevlingi.

Domsnemnd er statsstipendiat Ivar Eskeland, C. A. Pihlsgata 1, 0273 Oslo 2, skule-inspektør Olav Grimdalen, 3880 Dalen i Telemark og folkehøgskulestyrar Sigurd Sandvik, 5455 Halsnøy Kloster.

Bøker til tevlingi lyt sendast **beinveges** til domsmennene **innan 30. september i år. - NB! Ei bok til kvar domsmann** - av bøker utgjevne i 1988.

Vensam helsing
NORSK MÅLDYRKINGSLAG
Hallvard Bergwitz
skrivar

Stubhaug og Tusvik på Aschehoug

Etter det me hev sétt, kjem det lite nynorsk på Aschehoug i år. Lyrikaren Arild Stubhaug gjev ut ei diktsamling, «Suset går over», og Marit Tusvik hev skrive ei ny barnebok som heiter «Kua som fraus». Novellone til Halldis Moren Vesaas kjem i billegutgåva.

S k a l d s k a p u m s k a l d s k a p

Eg trúr at skaldskap er vápn
vígvápn og verja
sterkari jamvel en sanningê
dar han nár í að herja
for skaldskap er hernað með vænleik
skaldskap er song, er dans,
er rynjandi, hertekur kenslâ
lokkar, freistar og rúsar
liðkar, liðar og leiðir
hugin út fyri stúpið
í svimrandi sog mót koldjúp

Nei skaldskap er ikki harmlaus
ikki for øyrað som lýðir
ikki for skaldin sjølv, dí meira -
kannské han sjølv fer í sogið
missir fótfestið
rapar nið
og forkemst

23 februar 1989

Eigil Lehmann

«Kjærleik og målstrid». — Ungdomslag med tradisjon

Andreas Barsnes

I denne sumaren hende det noko sjeldsynt i Rake ungdomslag, i Stryn i Nordfjord. Laget heldt 50-årsgilde for ungdomshuset sitt. Det var vigsla i 1939, og på 50-årsgildet vart spelstykket «Kjærleik og målstrid» spela. Det er same spelstykket som laget førde fram på opningsfesten for 50 år sidan.

Og det mest merkelege kjem no: Tvo av dei same som var med i stykket i 1939 var med på 50-årsfesten og! Og dei gjorde det godt, fortel bladi.

Denne hendingi fekk «Vestmannen» til å taka fram minnet um han som skreiv skodespelet «Kjærleik og målstrid». Det var den kjende vestmannen Andreas Barsnes. Han var frå Sogndal i Sogn, tok lærareksamen på Stord i 1907, vart lærar i Skånevik, Sund og Norderhov, men kom alt i 1911 til Bergen der han vart verande for godt. Han var lærar og seinare styrar på Årstad skule, og deretter styrar på Solheim skule.

Andreas Barsnes var ein heilhuga målmann, og han var levande uppteken av vår gamle soga. I Bergen var han ein aktiv mann i Bondeungdomslaget Ervingen og i Vestmannalaget. Han styrde Det Vestlandske Målkontor i meir enn 20

Til side 12

Attersyn på 28 år

Anatomitimen av Rembrandt

Då eg spretta gråpapiret på pakka frå Gyldendal i Kjøpenhamn, kom det til syne ei bokbrede med tre drjuge manndomar på, dei stod einsame som steinvardar innetter bakkane, og både dei og lendet var tekt med uskjønelege handskrivne ord. Då kom eg på eit vers av Ivar Aasen:

«Kom med visor, og helst av deim,
som kvika og inkje krenkja;
slikt som høver vår eigen heim,
og slikt som me sjølve tenkja.»

★

i boklista frå Gyldendal fann eg samlingi «Snepige» av Marlene Nedergaard på lyrikk-sida. Opna eg boki, var det ikkje mykje vanleg lyrikk å sjå, men småe forteljande stubbar på 8-10 linor som tidt var med full lengd, altso utan større freistnad på å gjeva språket rytme ved å brjote det upp i strofor, enn segja nytte rimord. Og endå verre, dei fleste stubbane hadde berre stor fyrebokstav heilt fremst og eit punktum til slutt so nær som dei som heiltupp var med store bokstavar, og yverskrifter fanst berre for kvar bolk. Med mothug gav eg meg til å lesa.

DET HAVDE NU VÆRET VINTER I 7 LANGE ÅR ET ELLER ANDET VAR GÅET/ GALT OG MANGE BUTIKKER MÅTTE LUKKE DE ENESTE SOM LEVEDE RIGTIG/ GODT VAR FRAKKE OG STØVLEBUTIKKERNE OG VIDEOFORHANDLERNE FIK/ GANG I SALGET AF GAMLE FILM MED SOMRE PÅ IMIDLERTID BETØD DET/ OGSÅ AT VI STADIG HOLDT HINANDEN I HÅNDEN DET VAR DEN/ ENESTE RIGTIGE MÅDE AT FÅ VARMEN PÅ.

★

I denne stubben stiller ho ut redsla si for atomulukka og den fjerre storteknologien som ikkje noko einskildmenneskje rår med. Og ho gjer det med friskt mot og kjærleik som bergingsvon.

Smått um send driv ho meg attende frå fyrehandsmeiningane mine. Då boki kom ut i fjor, var Marlene Nedergaard 28 år og med eit stort krullahår kring eit levande og godt andlet. Nei, det er ikkje difor eg gjev etter. Ho byd ikkje fram haldningslaust kjønsliv som lykjelen til lukka. Det set eg pris på. Og dette med å utelata skiljeteikn, då trugar ho meg til å lesa nøgje, til å taka uppatt når eg har gange meg vill, til å finne bileti hennar klårt og kvast, og ho har stor biletskapande evne.

Marlene Nedergaard fortel um kjenslor, leter, smakar og luftige tankesprang frå ho ligg ved morsbrjostet og til ho er vaksen. Og det handlar um å streve etter å verta eit sjølvstendigt menneskje og samstundes um det vanskelege møtet med mannen, i siger og nederlag, otte og von, ålvor og lått. Ho fær smaka kjærleikslukka, men mannen går frå henne, ikkje til ei onnor kvinne, han går gjenom isen og druknar. Dauden har ho ikkje tenkt stort på fyrr, og likevel kallar ho denne bolken for «Målstregen». Eit laup er til endes, og ho lyt byrje på eit nytt åleine.

★

Da de havde sprættet ham op kunne hun ikke længere genkende ham/ hans hjerte så forfrossent ud og knoglerne under huden sygnede/ han og mindede ikke om den dag hvor han bar hende over til/ tærsklen til livet de havde levet sammen f.eks. den dag hvor de fløj/ henover himlen i susende åndedrag og hvor han havde plukket en/ fugl og sat den på hendes skulder den var hvid samme farve som/ lagnet i hans runde rum de spurgte hende om hun ville ha ham/ med hjem udstoppet hun sagde pænt nej tak det var ikke længere det/ samme.

★

Ho tek ordi beint ut or hugen sin, og sokalla stygge ord kjem tvo-tre gonger, men ikkje som pynteflag i ei kransekake, dei berre står der avdi ho ikkje kan segja seg fri, og kven kan det fullt ut? - Jau, dette er ei ærleg og hugtakande bok, men på eitt umkverve gjev eg ikkje etter for skrivekunsti åt Marlene Nedergaard, ho lagar ikkje lyrikk, sjølv um småstubbane har ein poetisk dåm. «Snepige» har mykje av dagboki i seg, og eit par gonger under lesnaden kom eg på «En Landsbydegns Dagbog» av St. St. Blicher, men det er altso ei novelle, og imillom ligg 178 år og eit hav av ulik røynsle.

Arne Horge

Under fallande lauv

Or «Tuftekallen»

Av Leidulv Hundvin

Hausten kan vera umåteleg vakker når han syner seg frå si beste side. Ingi onnor årstid har slik fargeprakt og slik ei tindrande klår luft som han kan ha.

Her på våre kantar har me diverre ikkje fått sett so mykje til dette i år. Me har opplevt ein heller våt og blåsande haust, og sumaren var ikkje stort betre han heller.

Lauvi har rotna på trei før dei fekk den solvarme glansen, og himmelen har for det meste vore dekt av regntunge skyer som har gjeve oss sine gåvor i rikeleg mun.

Trass dette, har eg likevel ogso i år fått opplevt nokre haustdagar av det aller likaste slaget. Me har nemleg tre born som er busette i Oslo, og etter ein har runda 60 er det so viseleg laga at me får ei ekstra ferieveka. Denne veka har me dei siste åri nytta til ein Oslotur, og eg har soleis fått lært storbyen å kjenna noko betre enn eg gjorde før.

Som det vanemennesket eg er, har eg årlegårs teke turen innom Vår Frelsers Gravlund, der eg har gått og meditert nokre timar for meg sjølv. So ogso denne gongen. I full sumarvarme - og med solglitter gjennom fallande lauv - gjekk eg der ein av dei aller siste dagane i september og drøymde meg burt.

Fyrste gongen eg vitja denne gravlunden var i 1955. Noregs Mållag hadde årsmøtet sitt i Oslo det året, og tredje årsmøtedagen - om sundagen - var det eit minnesamvær ved gravi åt Ivar Aasen.

Eg hugsar at dotter til professor Indrebø song Aasen-songar, og etter at me hadde vore på gudsteneste i Gamle Aker Kyrkje gjekk eg saman med ein lærar frå Voss attende til gravlunden. Der lærde eg noko den dagen som eg seinare har hatt stor gleda og nytte av. Gamle lærar Kløve hadde ei notisbok i lumma, og i henne skreiv han ned det som stod på mange av gravsteinane.

Sidan har eg gjort det same, og eg har no nokre bøker med noteringar frå ymse kantar av landet.

Etter å ha gått framom St. Olavskyrkja kjem ein inn på Vår Frelsers Gravlund frå vest. Eg har liksom eit fast rutiale då: Fyrst må eg alltid bort til den store bautasteinen som er reist over Ivar Aasen.

Den smålåtne mannen - som med hol på sokkehælane gjekk og tusla i sine slitne husskor - hadde vel aldri gjort seg tankar om at han skulle få denne minnesteinen. Til det tenkte han alt for smått om seg sjølv og det livsverket han hadde gjort.

I føreordet til **Norsk Ordbog** skriv han til slutt:

Jeg har lige til det sidste faaet nye Oplysninger, som gave Anledning til at rette paa en og anden Mangel, og lignende Oplysninger ville vel ogsaa komme, efterat Bogen er udgiven. Men det er nu engang Tilfældet med saadanne Arbeider, at der behøves mere end en Mandsalder for at bringe dem til nogen Fuldkommenhed.

Dette sa flogvitet Ivar Aasen, den sjølvlærde mannen som kunne langt meir enn mang ein professor. Kva me retteleg har å takka han for, må me verta fullvaksne menneske for å skjøna. Det nybrotsarbeidet han gjorde er so ufatteleg stort at det er reint utruleg at ein mann åleine kunne greia det.

Flogvit og arbeidstræl var han. Men ender og då kunne han - med skjemt - ha ynskt å fått noko meir ut av livet. Eit par vers av **Furte-Visa** hans seier oss det:

Fyrr var eg hugad til Leik og til Gaman
baade med smaafolk og store til Blands,
daa fekk eg inkje med Folk vera saman,
ingen med meg vilde ganga i Dans.
No kunde henda, eg helder slapp til
No kan dei gjera, kvat Hunden dei vil.

Fyrr var eg hugnad som andre at elska,
gjekk med ein Rikdom av Kjærleik i Barm
daa var eg møtter med Illhug og Fælska,
stødt mine Voner snudde til Harm.
No kunde henda, eg helder slapp til
No kan det gjera, kvat Hunden det vil.

Gildaste Tidi er gjengi til Spilla,
meir var eg lagad, og meir var eg trengd,
daa tok no Verdi imot meg so illa,
kvar eg steig inn, vart eg utatter slengd.
No kunde henda, eg helder slapp til.
No kan det gjera, kvat Hunden det vil.

Men lang tid til furting tok han seg ikkje. Han såg alltid ljosken bak einsemdi si, difor kunne han òg seia:

Strenge dagar må koma på,
men etter koma dei milde.
Den største hugnad me stundom få
der minst me vona vilde.

Kjært er Livet med all sin Harm,
det klaarnar, alt som det gjenger.
Men endaa treng eg ei Von i Barm
um eitt, som varer lenger.

Og diktet Vit og Tru sluttar han slik:

Me sjaa uti Rømdi so stor ein Kring
der Stjernor i Natti yrja,
og Vetterbraut stend som ein Ring,
der framande Himlar byrja.
Seg, er det vel einstad ein Ende paa?
Og Kvat er so utanfyr'Enden daa?

Nei, vesle Vitet det rekk ikkje til.
Ei tru maa stydja upp-under, -
ei Tru, som trøysta og styrkja vil
i myrke, stormande Stunder.
Eg vonar, den Viisdomen hjelper mest,
som med slik ei Tru kunde semjast best

På steinen hans står det:
Ivar Aasen
1813 - 1896

Deyr fe
deyja Frændr
Deyr Sjalfr it Sama
En Ordstirr deyr aldrigi
Hveim er ser
godan getr.

Fe døyr
Frendar døyr
Sjølv døyr du med
Men gjetordet døyr
aldri for den som
eit godt seg vann.

På baksida er desse ordi rita inn: **Det norske folket sette denne steinen.**

Stille går eg vidare på vandringi mi. Opp sørhellingi framom minnelunden over sjøfolki våre, som fekk si våte grav ute under krigen.

Til minne om dem som ikke kom hjem, står det skrive på ei liggjande helle. Og på sjølve muren - over alle namni - ei line henta hjå Nordahl Grieg:

Det var hjem vi sjøfolk skulle.

Alltid grip desse enkle setningane like mykje. Om eg årlegårs har lese dei, er dei like levande, og takki går til dei som stod om bord på båtane i den norske handelsfloten under heile krigen.

Torpedering og minesprenging var dagleg kost, og alle namni som står her - og mange, mange fleire - vitnar om dei våte gravene ute på storhavi. Kva ville dei tenkt no om dei hadde levt og fått sett utflaggingi vår? Flagget som fedrane våre stridde drabeleg for i slutten av førre hundreåret. Bort med unionsmerket, og det reine norske flagget til topps. Det var kravet då.

I dag er det motsett. Bort med det norske. Lat oss sigla under framandflagg, same kven som eig det. Send sjøfolki heim. Me kan få so mykje billegare arbeidskraft frå u-landi.

Turen går vidare. Opp nokre tropper til Henrik Wergeland si grav, med minnesmerke reist av jødar. Etter Grunnlovi hadde ikkje jødar tilgjenge til riket på hans tid. Dette kunne ikkje Wergeland sitt varme hjarta tola. Difor skreiv han Jøden og Jødinden. Lausrivne setningar sviv meg i hugen:

I slikt et vær, da faar du bønner, Gud!

I slikt et vær - det var en juleaften -
da nat det blev før dagens maal var fuldt,
befandt en gammel jøde, nær forkommen,
sig midt i Sveriges ørken, Tivedskoven.
Han ventedes til bygden denne side
fra bygderne på hin, for julens skyld,
af pigerne med længsel, for i skræppen
lå spenner, bånd og alt hvad de behøvde
for morgendagen, andendag og nytår.

Og me veit kor det gjekk med Gamle-Jakob.

Men fyrst 6 år etter at Wergeland var død, vart Jødeparagrafen oppheva. Då hadde tankane hans og det varme hjartelaget for jødane sigra.

Jødane reiste minnesmerket over han:
Henrik Wergeland

Den utrættelige Kæmper for menneskets og borgernes frihed og ræt.
Taknemmelige jøder udenfor Norriges grændser reiste ham dette minde.

★

Før eg fekk gå vidare på vandringi mi vart eg denne gongen avbroten av ein eldre oslomann. Då me kom i samtale og han høyrde at eg tala nynorsk, sa han: - Det undrer meg at ikke Elias Blix har fått monumentet sitt her mellom dikterne.

Blix, ja. Eg hadde aldri sett steinen hans, og spurde so kvar han var.

- Du finner ham nede på sletten, like innenfor gjerdet. Det er en stor sten, så du kan ikke ta feil, sa denne ukjende oslomannen.

Steinen var lett å finna. Ikkje langt frå det søre gjerdet står han, og innskrifti er slik:

Elias Blix
1839 - 1902

No ordet av Guds munn
gror nytt på gamal grunn
Gud lat det halda ved
til seinste ættarled
å skapa liv i landet.

Noregs Ungdomslag sette denne steinen.

Dei kjære Blix-salmane rann meg i hugen. her stod eg no ved gravi til han som skreiv dei, mannen som var fødd i Gildeskål i små kår og som streva seg fram skulevegen til han vart professor i hebraisk. Mannen som vart kyrkjeriksråd i Johan Sverdrup si fyrste regjering, men som ikkje fekk preika i heimekyrkja på grunn av eit stivbeint embetsmannssyn.

Og fedrelandssalmen renn meg i hugen, og dei salmane me lærde i skulen, og den sumaren me gjekk og las for presten. Ei preike i seg sjølv er det i salmen: **Å tenk på Gud i ungdoms år.** Kva sanning ligg det ikkje i det tredje verset:

Til side 12

Festskrift frå Norsk Bokreidingslag

med ein rikdom av kulturartiklar
redaktør: Conrad Clausen

Ei bok um Olaf Hanssen
(1983) Hefta kr. 80,-
Festskrift til Knut Horvei
(1983) Hefta kr. 100,-
Festskrift til Ludv. Jerdal
(1988) I band kr. 195,-

Diktbøker frå Norsk Bokreidingslag

til hugnad og ettertanke

Sturla Brørs: **Det norske**
(1979) Hefta kr. 35,-
Eigil Lehmann: **Lilja i dal**
(1981) Hefta kr. 75,-
Olav Lavik:
Audslegt rop mot bratt fjell
(1983) Hefta kr. 55,-
Olav Nygard: **Dikt i samling**
(1984) I band kr. 145,-
Odd L. Kløve: **Innbjoding**
(1986) Hefta kr. 58,-

Norsk Bokreidingslag
Postboks 2672
5026 Bergen-Møhlenpris

Din lokale storbank

FOKUS Bank

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegaarden, Strandkaien 2, 5000 Bergen

BUNADSØLV – POKALER – PREMIER
Vi har gaver for alle anledninger
magnus aase A/s
gullsmed
Strandkaien 6 — Telefon *32 01 60

ISSN 0800-8647

«Tuftekallen»

Frå side 11

Ja, tenk på Gud i ungdoms år,
Fyrr deg deg i vonde dagar når
Som du må ille lika.
Det kjem ein kveld so kald og skum
Då vert det tungt å venda um
Og frå det vonde vika.

Du for ein skatt me har i salmane våre! Og so klokt det var at me måtte læra mange av dei utanboks i skulen, og då me gjekk for presten.

Nye skikkar og nye pedagogiske påstandar har gjort den gamle utanbokslæringi forelda. Men ingen av oss tok skade på sjeli vår om me måtte pugga salmar og striftord. Nei, tvert imot. Dei gav oss ei niste på livsvegen som har vore god å gripa til so mange gonger.

Ferdi mi gjekk vidare. Men det får vera nok denne gongen. Berre heilt til slutt: Bladi som fall eitt om senn minte meg om den korte livsdagen. Naturlovi seier at etter sumar kjem haust, og etter haust kjem det vinter. Ikkje alle som ligg her fekk oppleva sumaren ein gong. Tenk berre på Ole Vig og Richard Nordråk. Og no er eg sjølv på god veg inn i hausten. Våren og sumaren ligg bak, hausten er i kjømdi - og kva som elles måtte liggja framføre veit eg ingenting om.

Med eg går slik renn Blix sin nyårssalme meg i minnet. Og halvhøgt les eg for meg sjølv:

Men kvart år som sloknar ut,
Atter meg til minnes kallar
At min dag til kvelden hallar
Og det kjem ei natt til slutt
Då den sol som lyser verdi,
For mitt auga svartnar av:
Gjeng i myrker siste ferdi?
Eller er det ljos i grav?

Vert so vegen myrk og trong
Jesu namn kan himmeln klåra
Såre sukk og heite tåra
Løysa upp i sigersong.
Skal eg under krossen bløda
Vert min fot til dauden trøytt,
Jesu namn kvart sår kan grøda,
Var so hjarta sunderstøytt.
Vil du dette dyre namn
Trugen i ditt hjarta skriva
Skal du aldri undan driva;
Det skal leida trygt din stamn.
Or di leid du aldri villest,
Gjeng so mot deg storm og flod;
I det namnet stormen stillest,
Og so vert då enden god.

Eg ser upp. Soli lyser på dei haustgule bladi. Dei har ein varm raudgul dåm over seg. Sjølv når dei fell mot jordi er dei vakre. Hausten er ei vakker tid. Det kan han òg vera i mannalivet når soli får skina attom, og voni får lysa framanføre.

Vantande vyrdnad for stor skaldskap

«Tuftekallen» hev denne gongen teke fram norsk skaldskap. Takk og æra skal denne kallen hava. I haugen sin fær han tid til å grunda, og til å gleda seg yver eit rikt og fulltonande mål. Han er ikkje «moderne», so han gjev seg ikkje av med å umdikta Elias Blix.

Sume andre hev set ei uppgåva i å øydeleggja salmane til storskalden frå Gildeskål i Nordland. Me orkar mest ikkje å opna «Norsk Salmebok» og «Sangboken». For der hev klatresmedar og ukunnige vore på ferde, og fylgjone er skræmelege. Tenk um me kunde få Nynorsk Salmebok i bruk att!

Skilsetjande streikar

I mars 1889 gjekk typografane ved 14 prenteverk i hovudstaden til streik. Streiken vara i 18 vekor, og det var lengste streiken på 1800-talet. Endå streiken i grunnen enda med usiger for typografane, fekk dei verdfulle røynslor for seinare arbeidsstridar.

Endå større atterljom gav streiken til dei kvinnelege fyrstikkarbeidarane ved Bryn og Grønvold fyrstikkfabrikkar i Kristiania. Dei streika frå oktober til midt i desember 1889. Heller ikkje fyrstikkarbeidarane vann fram med hovudkravi sine, men streiken vart vidkjend og avdekte skræmande og helsefårlege arbeidstilhøve. Fabrikkgjentone møtte samkjensla langt utanfor eigne rekkjor, m.a. Bjørnstjerne Bjørnson studde dei, og i historisk samanheng spørst det um ikkje dei streikande fabrikkgjentone hev vorte sigerherrar.

Stor Nok For De Fleste

«Kjærleik og målstrid» . . . .

Frå side 8

år, og han skreiv historiske utgreidingar um Håkonshalli og Holmen, og ei bok um Kristkyrkja og kongegravene på Holmen, likeeins ei utgreiding um den fyrste kongsgarden i Noregsveldet, Ålrekstad kongsgard i Fløen i Bjørgvin. Og dertil amatørskodespelet «Kjærleik og målstrid», som Rake ungdomslag tok fram att no i denne sumaren.

Av småskriftene hans um målreisingi må serskilt nemnast «Kva mål høver best i Noreg?» Han hadde vore med på den store Norrønaferdi til Island og Vesterhavsøyane i 1928, og han var med millom dei lærarane som tyskarane sende til Kirkenes i 1942. I sine eldre år vart han heidra med Kongens fortenstmedalje i gull.

Andreas Barsnes åtte og ei fin lyrisk åra, og i Vestmannalaget syng me framleis sume av songane hans. Serleg er me glade i hyllingssongen som Barsnes skreiv til vestmannen Arnfinn Johannessen. Den songen er prenta i boki «Vestmannalaget i 110 år».

Granskingane hans um den gamle Ålrekstad kongsgard var verdfulle å taka fram att no i dette året, då planen um ein Ålreken-tunnel truga med å gjera kongsgardtuftene til breid ålmannveg.

Når eg tenkjer på den stillfarande stridsmannen Andreas Barsnes, kjem Vinjes ord til sin rett: «Stor arv det er for mannen av godtfolk vera fødd».

Ludv. Jerdal